

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

KOP1

S|OM

Vår referanse  
2010/428

Deres referanse  
08/00087-21

Dato  
17.02.2011

## SPØRSMÅL OM BROTT PÅ KONSESJON I VERNAS VASSDRAG

Saka gjeld ei klage frå Midre Holsnøy Grunneigarlag v/Bjarte J. Skintveit på at reguleringa av Rylandsvassdraget i Meland kommune ikkje har vore gjennomført i samsvar med vilkåra i konsesjonen. Grunneigarlaget har særleg vist til at konsesjonen oppstiller krav om at røyrleidningen skal gravast eller sprengjast ned i elvebotnen slik at han ikkje vert synleg. Laget meiner at dette ikkje er gjennomført og at leidningen i dag er godt synleg under vatn og til hinder for fiske og ferdsel.

I departementet sitt stadfestingsvedtak 19. januar 2010 heitte det:

«Departementet har ut fra forholdene i vassdraget nå kommet til at allmennhetens interesser best ivaretas ved de tiltak som er gjennomført uten at det foretas ytterligere inngrep. Forutsetningen om at vannledningen ikke skulle være synlig må anses oppfylt ved at vannledningen ligger under vannspeilet i tilstrekkelig grad.»

Saka vart tatt opp med departementet i brev 5. november 2010. I svarbrev 16. november 2010 heldt departementet fast ved at dei tiltak som var gjennomført, låg innanfor rammene av konsesjonen. Vidare heitte det:

«Av denne [vannressursloven § 59] følger det at vassdragsmyndighetene (NVE og OED) har rett og plikt (jf. "skal") til å kreve retting av et rettsstridig forhold. Alternativt til pålegg om retting kan vassdragsmyndigheten gi konsesjon etter § 8 eller endre gjeldende konsesjon med hjemmel i § 28. Dersom departementet, og/eller NVE hadde funnet at tiltaket var oppført i strid med konsesjonsvilkårene måtte disse således ta skritt for å rette dette opp.

...

Dersom departementet til tross for dette hadde ment at konsesjonsvilkårene ikke var oppfylt, ville grunnlaget for en omgjøring av konsesjonen etter

vannressursloven § 28 vært oppfylt. Dette var ikke en aktuell problemstilling, da departementet i alle tilfelle fant at konsesjonsforutsetningen var oppfylt.»


I brev 6. desember 2010 har grunneigarlaget kommentert svaret frå departementet.

### **Mine merknader til saka**

Føresetnadene i konsesjonen er etter mi meining klåre: Leidningen skal sprengjast/gravast ned i elveutløpet slik at han ikkje vert synleg frå land. Det er grunn til å tru at vilkåret vart teke inn av omsyn til grunneigarane. Slik saka er opplyst her, er det vanskeleg å sjå at nåverande ordning stettar konsesjonsvilkåra på dette punktet. Her viser eg til at også departementet i si tid stilte spørsmål om ei nedsenking under vatn var tilstrekkeleg, jf. brev 15. august 2008.

Eg kan sjølvsagt forstå argumentet om at ei nedsprenking av leidningen kan verte økonomisk byrdefullt for konsesjonshavar, men dette må også ha vore klårt då vilkåret vart sett. Mot denne bakgrunnen må eg be departementet om å vurdere saka på nytt for å finne fram til løysingar som gjer at konsesjonsvilkåra vert oppfylt. Eg presiserer at konsesjonshavaren ikkje har vore part i saka her og såleis ikkje har hatt høve til å uttale seg. Samstundes peikar eg på mynde til omgjerung i medhald av vannressursloven § 28 som departementet sjølv har framheva.

Etter dette meiner eg det er «begrunnet tvil til forhold av betydning i saken», jf. ombodsmannslova § 10 andre leden. Eg ber difor departementet vurdere saka på nytt og orientere meg om utfallet av den fornya handsaminga.

  
Arne Fliflet

Kopi: Midtre Holsnøy Grunneigarlag

KOPI